

# KULTURTANKAR I EID 2018

Eid er eit musikalsk kraftsentrum. Vi er alle stolte av det.

Når det gjeld bruk av tekst er eg ikkje like imponert.

Eg tenkjer ikkje på historisk stoff, mange gjer her eit utmerkt arbeid.

Nei, eg tenkjer på dei kunstnarlege strømingane.

Vi sit midt i eit landskap der kontrastane er store og kallar på diktarane

blant oss. Profesjonelle pirkar borti, men det er så mykje meir der ute

i eventyrene, segnene, draumane og poesien.

Det er fristande å spørje: Når slo dei av bakgrunnsmusikken

på ein utestad, og sleppte inn kvardagspoetane?

Det er ting på stell i dag for oss skrivande. Det er nemleg enkelt

og rimeleg å få gitt ut ei bok. I gamle dagar sendte vi våre manus til eit forlag,

og nesten alle vart avviste. Det betydde at skriveria til vanlege folk vart stempla som

«for dårlege». Verdifullt gjekk tapt. Folkelegheit tapte for ekspertveldet.

Eg budde i Vestfold i 15 år inntil 2012, og fantasien fekk utløp i eit aktivt miljø


der vi møttast regelmessig, mange skrivande. Vi leste våre tekster, eller andres,

og sang våre viser. Med fare for å bli nostalgisk minnst eg elleville forestillingar

som Bellman på norsk, Ukulele-sprell! og eigne visekonserter. Og ein Poesikonsert

med kor og mange poeter i Stokke kirke, vi fylte det store kirkerommet.

Unge og godt vaksne tenkjer no å vekke opp folk for poesien i Eid.



*Freddie Langrind*